

INNTAKSREGLEMENT

Hosanger Montessoriskule – ein l  f-ledende skule der bringer en ny f  leis g  rde

Hosanger Montessoriskule

Tveitavegen 65

5282 Lonev  g



HOSANGER
MONTESSORISKULE

INNTAKSREGLEMENT

Hosanger Montessoriskule

§1 Inntaksreglement

Inntak av elevar ved Hosanger Montessoriskule skal skje etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar i Lov om frittstående skolar og inntaksreglementet fastsett av styret.

§2 Elevinntak

Skulen skal vere open for alle som fyller vilkår for inntak i offentleg skule. Hosanger Montessoriskule skal ha heile landet som inntaksområde.

Skulestyret avgjer kva kapasitet skulen har for totalt elevtal. Dersom det er fleire søkjarar enn kapasiteten tilseier, skal søkjarane prioriterast i henhold til kriteria i §4.

Søknadsfristen for ordinært opptak er 1.februar. Ved framleis ledig kapasitet vil det vere fortløpande inntak fram til 25.september det skuleåret det blir søkt om opptak til.

For skuleåret 2026/27 er det plass til 50 elevar.

Unntak for elevinntak etter 25.september er dersom barnet er nytilflytta etter denne datoen i den gamle skulekrisen til Mjøsdalen skule. Dette unntaket er grunngjeve i behovet for å sikre at barn som er nytilflytta i nærområdet får tilbod om eit skuletilbod i for elevar som er og som ellers ville hatt plass ved den tidlegare offentlege nærskulen. Det vil sei adresser og sidevegar frå og med Osterøyvegen 1959 og til og med Osterøyvegen 2245. Inntak vil då verte gjort med bakgrunn i kriterier i §3 og 4.

§3 Kunningjing av elevinntak

Kvart år i januar skal inntak kunngjerast i sosiale medier og heimesida for å sikre at informasjon om inntak for neste skuleår kjem ut. Kunningjinga skal innehalde opplysningar om søknadsfrist. Prioritering då vil verte gjort basert på postleggingsdato, tidspunkt for sendt e-post eller dato for fysisk overlevering.

§4 Prioritering av elevar ved inntak

1. Elevar som skal byrje på fyrste trinn
2. Elevar som skal byrje på andre trinn
3. Elevar som skal byrje på tredje trinn
4. Elevar som har gått i montessoribarnehage, eller på annan montessoriskule
5. Elevar som har sysken ved skulen, eller sysken som søker plass ved same opptak
6. Elevar som bur innanfor kringsgrensene for tidlegare Mjøsdaalen skule
7. Barn av tilsette og styremedlemmar
8. Barn av foreldre med montessoriutdanning
9. Dersom to eller fleire stiller likt i forhold til kriteria over, skal avgjersla om tildeling gjerast ved loddtrekning

§ 5 Inntaksnemnd

Rektor gjer vedtak om inntak etter §2, 3, 4 og 7 i dette reglementet.

§6 Handsaming og kunngjering av vedtak

Rektor melder frå om vedtak til dei det gjeld. Frist for å ta i mot plassen er to veker etter utsendt tildeling. Melding om inntak skal skje innan 6 veker etter at søknadsfristen er gått ut. Etter Lov om frittstående skolar §3-1, sjette ledd, er avgjerse om inntak eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova, og søkeren kan påklage vedtaket til departementet (delegert til Statsforvaltaren).

Søklarar som ikkje har fått plass, blir snarast tilskrevne, med informasjon om at det kan krevast grunngjeving av vedtaket, at det kan påklagast og frist for påklaging. Informasjon om plass på venteliste vil framgå i dette skrivet. Forvaltningslova Kapittel 5 og 6 gjeld i sakshandsaminga og Statsforvaltaren i Vestland er klageinstans.

Melding om inntak av elevar skal sendast til heimkommunen til eleven.

§7 Prioritert venteliste

Som lekk i inntakshandsaminga, skal rektor utarbeide ei prioritert venteliste i henhold til §4 som skal leggjast til grunn dersom ein eller fleire som har fått plass likevel ikkje tek imot plassen.

§8 Endring av inntaksreglement

Dette inntaksreglementet kan endrast av styret, innanfor rammene av gjeldande reglar i Lov om frittstående skolar. Eit kunngjort inntaksreglement kan ikkje endrast mellom tidspunkt for kunngjering av opptak i januar og skulestart om hausten same år.